

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak

Arkivsak: 26/1706

| Styre, råd, utval:    | Møte dato: | Saknr.: |
|-----------------------|------------|---------|
| STRANDA HAMNEVESEN KF | 07.09.2026 | 046/26  |

### Stranda hamnevesen - prosjekt mottaksløysning avløp Geiranger

#### Hamnesjef si tilråding:

1. Styret i Stranda hamnevesen KF godkjenner å engasjere COWI AS for prosjektering av permanent mottaksløysning for avløp frå ferjer i Geiranger, inkludert pumpestasjon, pumpeleidning, tilkopling av toalettbygg og nødvendig koordinering mot annan infrastruktur i området.
2. **Føresetnad** er at samla oppdragsverdi er på eit fornuftig nivå, ligg under gjeldande terskelverdi for direkte anskaffing, og at kostnaden kan finansierast innanfor vedteke investeringsbudsjett.
3. **Føresetnad** er at Stranda kommune er ansvarlig for oppdraget.
4. Hamnesjef får fullmakt til å inngå avtale med COWI AS på bakgrunn av motteke tilbud, under dei nemnde føresetnadene. Skulle tilbudet vere uforholdsmessig høgt, overstige terskelverdien eller ikkje kunne dekkast innanfor investeringsbudsjettet, skal saka leggjast fram for styret på nytt.

#### SAKSUTGREIING

##### Bakgrunn for saka

Spørsmål frå Stranda kommune 20.08 2026 om tilleggsoppdrag til COWI knytt til permanent mottaksløysning for septik frå ferjer og passasjerbåtar i Geiranger. Stranda kommune ber Stranda hamnevesen betale for prosjekteringa.

##### Saksopplysningar

COWI AS har i dag eit pågåande oppdrag for PLUG AS knytt til etablering av ladeinfrastruktur og bygg for batterianlegg ved Geiranger ferjekai.

I samband med dette har Stranda kommune teke opp spørsmålet om å etablere ei permanent mottaksløysning for avløpsvatn frå ferjer og passasjerbåtar. Bakgrunnen er eit ønske om å erstatte dagens løysningar baserte på container og tømebil, med ei fast og framtidsretta løysning med tilkopling til kommunalt renseanlegg.

Kommunen peikar på at areala i området er avgrensa, og at det difor er viktig å avklare og prosjektere løysingane før anna infrastruktur vert etablert. Det er vidare eit mål å nytte same grøftetrasé som uansett skal etablerast i samband med pågåande prosjekt for ladeinfrastruktur. Føresetnad er at dette er praktisk og teknisk mulig.

Etter dialog mellom Stranda kommune og hamnevesenet 20.08 2026, er det teke kontakt med COWI for å avklare mulig omfang av eit tilleggsoppdrag som hamnevesenet er bedt om å betale.

På bakgrunn av opplysningar frå Stranda kommune i teamsmøte 27.08 2026 og vidare korrespondanse, har COWI oppsummert ynskje om bistand slik:

- Prosjektering av permanent mottaksløysing for avløp og septik frå ferjene, inkludert vurdering og dimensjonering av naudsynt fordrøying eller buffervolum.
- Prosjektering av pumpestasjon, inkludert tilkopling av avløp frå toalettbygget på kaia.
- Prosjektering av pumpeledning frå pumpestasjonen fram til tilkopling mot kommunal avløpsledning ved fylkesvegen.
- Koordinering mot eksisterande og planlagd infrastruktur i området, mellom anna vass og avløpsanlegg, kablar, trekkerøyr, bygg, fundamentering og andre tekniske anlegg, slik at løysingane kan samordnast og felles grøft kan nyttast der dette er tenleg.

Utarbeiding av nødvendige teikningar og teknisk grunnlag for den prosjekterte løysinga.

COWI har vidare opplyst at behovet for, og eventuell storleik på fordrøying eller buffervolum, vil verte vurdert som ein del av prosjekteringa, basert på venta leveringsmengder frå ferjene og tilgjengelig kapasitet i det kommunale avløpsnettet.

### **Vurdering frå Stranda kommune og Stranda hamnevesen**

Det er foremålstenleg å nytte COWI til dette arbeidet. Selskapet er allereie involvert i tilgrensande prosjekt i området og har god kjennskap til eksisterande planar, tekniske føringar og arealmessige avgrensingar.

Ei samla prosjektering av infrastrukturen vil kunne redusere risiko for konflikt mellom ulike anlegg, bidra til betre koordinering og legge til rette for mest mogleg effektiv gjennomføring av anleggsarbeida.

Ei permanent mottaksløysing for avløp frå ferjer og passasjerbåtar vil òg representere ei meir robust og langsiktig løysing enn dagens ordning med container og tømebil.

**Stranda kommune vil vere ansvarlig for prosjektet og COWI sin kontakt.** Stranda kommune og COWI er orientert om at dei nye ferjer som er planlagt sett i trafikk, har eigne «treatment» anlegg om bord og vil mest trulig ikkje ha behov for å levere same mengde septik som idag.

### **Økonomi**

Stranda kommune ber Stranda hamnevesen betale for prosjekteringa. Det er per no ikkje motteke pristilbod frå COWI for prosjekteringsoppdraget. Omfanget av arbeidet vert gjennomgått av COWI, som vil utarbeide ressurs og timeestimat før oversending av tilbod.

Kostnadene knytte til prosjekteringa vil verte avklart når tilbodet ligg føre. Styret vert orientert om endelig kostnadsramme dersom denne går utover fullmakt til administrasjonen, eller krev budsjettmessige disposisjonar.